



Trubadurane Kristian Bringedal, Reidar Myklebust og Hans Gustav Musstrand er klar for ein ny runde med Allsong i sjøkanten.

Laurdag kl.15 er det klart for ein ny runde med det populære songprogrammet Allsong i sjøkanten på Oska ved båthamna i Uskedalen. Sist var det fullt hus, topp stemning og svært fornøgde songgjester. Denne gongen stiller trubadurtrioen med nytt repertoar som folk kjenner att frå 60 og 70-talet, og allsongen vil garantert runga!

Sidan sist har som kjent Hans Gustav Musstrand, Kristian Bringedal og Reidar Myklebust vore til Huglo og hatt stor suksess med konseptet. Etter at maritime viser, Johannes Kleppevik og Evert Taube var sentrale sist, vert det denne gongen lagt vekt på viser og songar frå den store nordnorske skattekista. I tillegg vert det eit solid innslag av kjende og kjære slagerar frå 60 og 70-talet. På Allsong i sjøkanten syng ein songar folk kjenner og likar!

Som vanleg vert songstunda delt i to økter med ein pause midt i. Då serverer Roy Lervåg og SmakifråOska kaffi og kake som er inkludert i billetten på 100 kr. Etter at songen har stilna, er det god anledning til å sitja og kosa seg på Oska. Dei som ønskjer det kan også nytta ein herleg middag.

Heilt sikkert er det at det vil verta topp stemning på Oska laurdag ettermiddag frå kl.15. Det veit vi frå tidlegare Allsong i sjøkanten. Eit supert tilbod både for fastbuande og tilreisande!

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland